



## Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Gulen kommune

Vedteke av kommunestyret 16.06.2022

### 1. Heimel og eigarforhold

Gulen kommune er eigar av dei kommunale skulefritidsordningane. Ordningane er drivne med heimel i Opplæringslova § 13-7 samt dei til ei kvar tid gjeldande vedtekter. Forhold som er regulert i Opplæringslova med gjeldande forskrift, er ikkje tatt med i vedtekten. Dette gjeld t.d. elevane sitt skolemiljø (Opplæringslova kapittel 9A), krav om politiattest (Opplæringslova § 10-9, tilhøyrande forskrift § 15) og reglar om teieplikt (Opplæringslova § 15-1, jfr. Forvaltningslova §§ 13-13-ff.).

### 2. Føremål

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi omsorg og tilsyn. SFO er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen. Barn med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Rammeplan for SFO skal bidra til eit meir likeverdig tilbod. Den enkelte SFO skal utarbeide ein årsplan, eller en tilsvarande plan, som skal vise korleis SFO omset rammeplanen sitt verdigrunnlag og innhald til praksis.

### 3. Opptaksmynde og opptakskriterium

Det er rektor som er ansvarleg for opptaket. Skulefritidsordninga er eit tilbod til barn på 1.-4. trinn, og for born med særskilde behov på 1.-7. trinn. Skulefritidsordninga har skulen som lokasjon. Alle born på 1.-4. trinn som søker innan fristen 1.mars, vil få plass. Born med særskilde behov på 5.-7. trinn vil kunna bli tildelt plass etter ei nærmare vurdering.

I vurderinga av opptak av barn med særskilde behov på 5.-7. trinn, vil kommunen lytta til råd og vurderingar frå ulike instansar som kjenner barnet, t.d. PP-tenesta, som kan ha nyttig informasjon om behova til barnet. Utgangspunktet er at barnet har særskilde behov som òg medfører omfattande tilsynsbehov. Barnet må kunna gjera seg nytte av SFO- tilbodet.

Born med særskilde behov har ikkje rett til spesialundervisning i skulefritidsordninga, då skulefritidsordninga ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. Kapittel 5 i Opplæringslova gjeld berre for grunnskuleopplæringa.

Born som flyttar internt i kommunen og som har plass på SFO, skal få tilbod om plass i SFO ved den skulen dei flyttar til.

### 4. Opptaksperiode og oppseiing av plass på skulefritidsordninga

Hovudopptak for hausten skjer om våren med søknadsfrist 1.mars. Fortløpende opptak kan skje gjennom året om bemanning og lokalitetar tillèt det.

Dagleg opningstid er kl. 07.30 – 16.30.



SFO er til vanleg open alle skuledagar. Dersom bemanningssituasjonen tillåt det, vert SFO-tilbodet gitt i nærmeste barnehage på skulefrie dagar og i feriar, dette som kjøp av enkeltdagar.

SFO vil vera stengd på 5 av skulen sine planleggingsdagar, jul- og nyttårsaftan.

Søknad om plass sendast elektronisk til skulen der eleven har skuleplass. Tildeling av plass, avslag på søknad om plass og oppseing av plass er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Klage på vedtaket skal sendast til Gulen kommune v/fagdirektør oppvekst.

Tildeling av plass gjeld for eitt skuleår. Barn som har fått plass på grunn av særskilde behov frå 5.trinn, har plassen til og med 7.trinn, eller til plassen vert sagt opp innan då.

Oppseiing og endring av plass må skje elektronisk. Frist for oppseiing og endring av plass er 1 månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

## **5. Foreldrebetaling**

Satsar for foreldrebetaling vert vedteke av kommunestyret. Kommunestyret fastsett sats for matpengar og gebyr ved for sein henting.

Søskenmoderasjon gjeld berre for fast månadsbetaling. Søsken må bu saman fast og ha same bustadadresse i kommunen for å få innvilga søskenmoderasjon. Søsken vert her definert som heilsøsken, halvsøsken og stesøsken.

Manglande betaling kan føre til tap av SFO-plass.

## **6. Bemanning og leiing**

Rektor på den einskilde skulen er ansvarleg fagleg og administrativ leiar for SFO.

Det skal som regel ikkje vera meir enn 11 barn pr. tilsett. Bemanninga kan styrkast ytterlegare for å ivareta barn med behov for særskild oppfølging.

## **7. Leike- og oppholdsareal**

SFO-areal ute og inne skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast. I Gulen kommune er skulefritidsordninga lokalisert til den einskilde skule. Ein legg opp til stor grad av sambruk mellom kvar skule og SFO sitt uteareal, rom/spesialrom, hjelpemiddel, materiell og utstyr.

## **8. Skyss**

Born har som hovudregel ikkje rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Dette gjeld sjølv om barnet har rett til skyss til og frå skulen.

Barn som har plass i skulefritidsordninga, og som på grunn av nedsett funksjonsevne eller midlertidig skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten gjeld uavhengig av avstand mellom heim og skulefritidsordning. Retten gjeld ikkje i skuleferiane. (jfr. Opplæringslova § 7-3).

## **9. Vedtektsendringar**

Endringar i vedtekten skal godkjennast av kommunestyret.

Endringar i Opplæringslova som fører til vedtektsendring, skal ikke godkjennast i kommunestyret. Desse endringane kan gjerast administrativt og meldast til kommunestyret.

Vedtekten skal rullerast kvart 4. år.